


Vårsgøhella
2006

SURNADAL 01.-04. JUNI



Velkomne til Vårsøglandet!



Kjære publikummar.

I juni kvart år samlast vi som steller med Vårsøghelga for å oppsummere. Vi pratar om kva som var bra, kva som var mindre bra, og kva lærdom vi kan trekkje av dette. I denne samtalen er du den viktigaste personen.

Vi får svært mange reaksjonar frå publikum under ei vårsøghelg. Det er ris og ros, råd og ønskje. Når vi ser desse reaksjonane samla, fortel det oss mykje om kor vi er på veg. Takk for at du kjem også i år, og er med på å forme Vårsøglandet.

I år har vi fått med oss ein nyskapning som heiter Vårsøglaugget. Det er ei samling bedrifter frå området vårt som meiner at kultur er viktig for å styrkje det lokale samhaldet, og som gjerne vil ha fleire med seg. Vi ser med spenning fram til kva dette samarbeidet kan gje til ei lang, lang rekkje av kommande vårsøghelger.

Nyt vårsøget!

Svein Sæter
leiar i Laget Vårsøg

Program

Torsdag 1. juni

- 17.00 Kallastukveld:
Konsert med Eva Peggy Stensønes.
Markering av 100 års-jubileet til
Noregs Mållag
- 20.00 Brazz Brothers-konsert, Storstuå

Fredag 2. juni

- 17.15 Korpsoppmarsj
- 19.00 Kleivakvelden
- 21.00 Utstillingsopning
- 22.00 Kulturhusfest

Laurdag 3. juni

- 10.30 Historisk tur til Årneshola.
- 13.00 Familiedag, Åsen bygdemuseum
Barneteater kl 14
- 14.00 Konsert med Nora Brockstedt
- 15.00 Bokbad med Edvard Hoem
- 16.30 To modige menn,
urpremiere på Kafé Domus
- 18.00 Carte Blanche –
dans på internasjonalt toppnivå
- 19.30 Låvekonsert på Åsen
- 20.00 Latinsk kveld på Surnadal Hotell
- 21.30 Låvedans med Dalagutan

Søndag 4 juni

- 11.00 Pinsegudsteneste, Stangvik kyrkje
- 12.00 Kafé i Bondehuset
- 14.00 Kyrkjekonsert i Stangvik
- 18.00 «Godt å varra Surndaling».
Konsert i Storstuå, kulturhuset

Billettar

71 65 73 08 – arrangement på kulturhuset
815 46 860 – andre arrangement.
For meir informasjon og rabattordningar,
sjå side 10.



Vårsøglauget er ein nyskapning av året, og eit viktig bidrag til Vårsøghelga og kulturen her i Surnadal. Vårsøglauget er ein del bedrifter i regionen som meiner at kultur er viktig for å styrke det lokale samhaldet.

Denne typen samarbeid gir medlemsbedriftene økonomisk spelerom til å støtte annan lokal kultur og idrett.

Surnadal er eit dynamisk, levande og mangfaldig samfunn, med eit rikt kulturtilbod.

Slik vil vi ha det, og slik vil vi vise oss fram, både regionalt og nasjonalt.

Opptil vi ønskjer andre bedrifter som deler dette synet, velkomne til å bli medlem av Vårsøglauget.

Lykke til med Vårsøghelga 2006

 Vårsøgkontakt: Morten Betten	 Vårsøgkontakt: Liv Dalsegg
 Vårsøgkontakt: Roald Boge	 Vårsøgkontakt: Ragnhild Gangås
 Vårsøgkontakt: Kjell Halmøy	 Vårsøgkontakt: Sivert Maset
 Vårsøgkontakt: P. K. Øwre	 Vårsøgkontakt: Marit Elin Eid
 Vårsøgkontakt: Kåre Ove Korsnes	 Vårsøgkontakt: Ole Magne Ansnes
 Vårsøgkontakt: Atle Nordli	Ta kontakt på telefon 415 46 860, om de ønskjer å bli med i Vårsøglauget.

Program

TORSDAG 1. JUNI

17.00

KALLASTUKVELD: Konsert med Eva Peggy Stensønes, markering av 100-års jubileet til Noregs Mållag, ved Nils Ulvund og skodespelar Ragnhild Vannebo. Bill: 50/100

20.00

BRAZZ BROTHERS-KONSERT i Storstuå, kulturhuset. Bill: 200/275

FREDAG 2. JUNI

13.00-18.00

VÅRSØGMØTE. Tema: Kristiansund – byen for Nordmøre. Møte for næringslivet. Arr: Surnadal kommune, Svorka og Surnadal Sparebank.

17.15

KORPSOPPMARSJ før Kleivakvelden frå Amfi til Skei.



Arja Saijonmaa og Anne Lise Berntsen nyt Vårsøget på Kleiva, 2005. (Foto: Arve Hoem)

19.00

KLEIVAKVELDEN med Henning Sommerro & John Pål Inderberg, Per Husby og Nora Brocksted, Anne Lande, Karianna Sommerro, Eva Peggy Stensønes, Kleivapris, Ungdomsarbeidets pris, Kleivafondet, Vårsøgdikt. Bill: 100/200

21.00

UTSTILLING: ELLEN KALVIG. Opning i Finstuå, kulturhuset. Magiske trommer og akrobatiske sprell ved elevar frå kulturskulen.

22.00

KULTURHUSFEST Nora Brockstedt, Per Husby, Anne Lande, husorkester med gjester. Bill: 150

LAURDAG 3. JUNI

10.30

HISTORISK TUR TIL ÅRNESHOLA.

Turleiar: fylkesarkeolog Ragnar Orten Lie. Buss t/r kulturhuset 10.00 og 12.00.

13.00

ÅSENDAG, Surnadal bygdemuseum. Familiedag med aktivitetar for dei minste. Frå programmet: Fotoutstilling i Fjøsset. Surnadal Fotoklubb viser foto inspirert av Hans Hyldbakk si diktning.

«La din stemme klinge» Ola Bræin lanserer boka han og Henning Sommerro har skrive, ill. av Nils Fiske.

Barneteater kl 14.00 Barnekabaret med trioen Tindra, på Låven. Bill: 50. Krigsminnesamlinga har ope frå 12-16. Sal av grillmat og kaffe.

14.00

NORA, ANNE OG PER

Konsert med Nora Brockstedt, Anne Lande og Per Husby i Svorka, kulturhuset. Bill: 100

15.00

BOKBAD med Edvard Hoem, i Kammerset, kulturhuset. Forfattaren i samtale med Svein Sæter om den sterke «Mors og fars historie». Bill: 100

16.30

TO MODIGE MENN, Kafé Domus, urpremiere på oppsetting om Ivar Aasen og Hans Hyldbakk, av og med Henning Sommerro og Ola E. Bø. Bill: 200



Gamaldansmessa Vindens hjul i Stangvik kyrkje 2004. (Foto: Arve Hoem)

18.00

CARTE BLANCHE.

Dans på internasjonalt toppnivå, direkte frå urframføringa i Bergen. Storstuå, kulturhuset.
Bill: 300

19.30

LÅVEKONSERTEN på Åsen.

Med Gro Kjelleberg Solli, Torgeir Leivdal, Haidar Wali (afghansk folkemusikk) Sturla Eide og Andreas Aase m.fl.

Bill: 150

Fellesbillett låvekonsert/låvedans 200

20.00

SURNADAL HOTELL LATINSK KVELD

Latinamerikansk buffé og varmande tangorytmor med SkeisTango, med mellom andre Anders Larsen i spissen.
Bill: Inkludert middagsbuffé 300

21.30

LÅVEDANS med Dalagutan.

Bill: 150

Fellesbillett låvekonsert/låvedans 200

SØNDAG 4 JUNI

11.00

PINSEGUDSTENESTE STANGVIK KYRKJE

Fellesgudsteneste for Stangvik, Surnadal og Rindal. I samspel med høgmesseliturgien les skodespelaren Ragnhild Vannebo tekstar frå norsk litteratur. Songkor og dansarar deltek. Hovudmarkering for 100-årsjubileet til Noregs Mållag på Nordmøre.

12.00

KAFFÉ i Bondehuset

14.00

KYRKJEKONSERT I STANGVIK

Bjarne Brøndbo og Henning Sommerro, Eir Inderhaug og Ellen Ugelvik. Kontrastar: Frå det folkelege til ny norsk samtidsmusikk. Bill: 250

18.00

«GODT Å VARRA SURNDALING». Konsert i Storstuå, kulturhuset. Skaparkveld med lokale komponistar i høgsetet, frå 70-talet og Vårsøg via revy, viser og rock, inn i eit nytt årtusen med Dadafonisk musikk. Bill: 200



Brazz Brothers

Publikum over halve kloden jublar for dei sprell levande brørne frå Sunnmøre. No er det vår tur til å møte gruppa som er kalla Norges beste konsertband, uansett sjanger. Med sin unike musikalitet og medrivande sjarm vil dei spela oss gjennom ein konsert som varmar sjela.

Brazz Brothers er: Jarle Førde – trompet/flygelhorn, Jan Magne Førde – trompet/flygelhorn, Runar Tafjord – horn, Helge Førde – trombone, Stein Erik Tafjord – tuba og Marcus Lewin – trommer

Torsdag 1. juni kl. 20.00
Storstuå, Surnadal kulturhus

Eva Peggy Stensønes

Songaren, musikaren og forfattaren Eva Peggy Stensønes har eit stort publikum i Midt-Norge. Eva Peggy frå Smøla, no busett i Trondheim, er særleg kjent for visene sine. Du kan møte ho både på Kallastuå under opninga av Vårsøghelga torsdag, og på Kleivakvelden dagen etter.

Torsdag 1. juni
kl. 17.00 – Kallastuå

Fredag 2. juni
kl. 19.00 – Kleivakvelden

Nora Brockstedt

Vi er glade for å kunne presentere ein av Norges største artistar gjennom tidene. Nora Brockstedt debuterte på Chat Noir i 1943, og maktar framleis å fornye seg. Fantastiske Nora har eit utal slagerar bak seg, men er så mykje meir enn «Voi-voi» og «Tango for to». Under Vårsøghelga blir ho å finne på fleire scener, frå Kleiva til Svorka.

Fredag 2. juni
kl. 19.00 Kleivakvelden
kl. 22.00 Kulturhuskveld

Laurdag 3. juni
Kl. 14.00 Konsert med
Per Husby og Anne Lande
Svorkasalen, Surnadal kulturhus



Per Husby

Pianisten Per Husby er også ein glimrande komponist. Vi får møte dei begge. Per, som er i ferd med å sikre seg status som støttespelar for Vårsøghelga, opptrer saman med Nora Brockstedt og songaren Anne Lande både på Kleiva og i kulturhuset. Her byr han mellom anna på nyskriven musikk til fleire dikt av Alf Prøysen.

Edvard Hoem

«– Mamma, elsker du han pappa? spurde eg mor ein gong i min fjerne barndom». Slik begynner Mors og fars historie, fjorårets einestående roman frå Edvard Hoem, som han vart nominert til Nordisk Råds litteraturpris for. Sia har han møtt lesarar landet over for å fortelje om foreldra; den unge emissæren som gifter seg





Carte Blanche

Norges internasjonalt kjente dansekompani kjem til Surnadal direkte frå urframføring under Festspillene i Bergen. Publikum får ein eksklusiv sjanse: Dette er den første oppsettinga Carte Blanche gjer på våre kantar. Gløm kraftkrisa.

Denne kvelden blir det endeleg energioverskot i Midt-Norge!

Laurdag 3. juni kl. 18.00
Storstuå, Surnadal kulturhus

med ho som har brote alle grenser og elska ein tysk soldat. Boka er ei av dei sterkaste i ein rik forfattarskap. Møt Edvard Hoem i samtale med Svein Sæter.

Laurdag 3. juni kl. 15.00
Kammerset, Surnadal kulturhus

Bjarne Brøndbo og Henning

Årets konsert i Stangvik kyrkje blir eit sterkt, musikalsk møte mellom Bjarne Brøndbo og Henning Sommerro. Bjarne frå DDE er ein artist og songar med format til å fylle større rom enn

ymse festlokale. Det har han vist både på teaterscena og med CD'en «Salmer på ville veier», der nydelege «Den fattige Gud» med musikk av Henning og tekst av Edvard Hoem er med.

Søndag 4. juni
kl. 14.00
Stangvik kyrkje





Eir Inderhaug

Foto: T. Schönfelder/Rikskonsertene

Eir Inderhaug

vil òg vera med på å prege konserten i Stangvik kyrkje.

Sopranen Inderhaug, kjent for si klokkeklåre stemme og dramatiske innleving, er blant våre fremste songarar og musikal-artistar. I lag med pianisten Ellen Ugelvik har ho sett saman ei avdeling med samtids-musikk, som opnar konserten i stangvik-kyrkja.

Søndag 4. juni
kl. 14.00
Stangvik kyrkje



Ellen Ugelvik

Foto: Nicki Twang/Rikskonsertene

Kleivakvelden

Bakken rundt husa fyllest, vi hører den velkjende summinga av fleire hundre menneske som trivst i lag. «Ska tru ka dæm finn på i kveill, hain Henning å'n John Pål?» Smil og latter, sol og venner. Forventning. Kleivakvelden er noko for seg sjølv i norsk og nordmørsk kulturliv. Her er toppartistar og diktlesande born, heime hos han Hans Hyldbakk. Musikalsk

vertskap er Henning Sommerro og John Pål Inderberg. I år har dei med seg legenda Nora Brockstedt, Eva Peggy Stensønes, Per Husby, Anne Lande og neste generasjon Sommerro; Karianna. Unge diktarar les eigne verk. Kven får Kleivaprisen i år? Og Ungdomsarbeidets pris?

Til slutt syng vi Vårsøg. Da skin det sol.

Fredag 2. juni kl. 19.00

På heimplassen til Kleivakongen

Tindra

Ein folkemusikalsk barnekabaret. Ungane får høre om trastar, riddarar, prinsesser og troll, bestemødrer og kjærestar. Det heile får samanheng gjennom gruppa Tindra sitt eigenarta samspel, tonespråk og kontakt med publikum. Tindra er: Åshild Vetthus, folkesong, Jorun Marie Rypdal Kvernberg, fele/hardingfele og Irene Tillung, akkordeon.

Laurdag 3. juni kl. 14.00

Barneteater Låven på Åsen

To modige menn

Uppremière på ny oppsetting om to av dei modigaste mennene i norsk historie: Ivar Aasen og Hans Hyldbakk. Ei spennande blanding av song, historie og skøner, skapt av Henning Sommerro og Ola E. Bø. Han Hans satt ofte på Domuskaféen. Derfor blir «To modige menn»



Tindra

Foto Carsten Jøssund

framført der. Ein ny og spennande kultursal for eit nytt og spennande stykke. Med ei slik trygg, historisk forankring går Henning Sommerro og Ola inn i ei verd der det butta imot, rett som det var. Slikt blir det språk av, og historier og poesi. «To modige menn» er blitt til i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

Laurdag 3. juni kl. 16.30
Domuskaféen, Skei

Låvekonserteren

Gro Kjelleberg Solli kveda seg heilt til topps i eliteklassen på Landskappleiken i 2004. Der framførte ho nordmørsk folkesong, i følgje dommarane var det hennar evne til å formidle teksten på ein måte som grip publikum, som skilde henne mest frå dei andre songarane. Sturla/Andreas – gir oss ei stille reise i folke-musikkens intensitet. Så pyntar vi det heile med afghansk folkemusikk, alt dette under leiing av konferansier Torgeir Leivdal.



Sturla/Andreas

Tango – mat – lidenskap

Laurdag kveld, blir det lidenskaplege rytmar og heit mat på hotellet. Skeistango med Anders Larsen i spissen slår an Tangotonen, kokken følger opp med latinamerikansk buffé. Alt dette, slik at vi, for nokre timar, kan drømme oss lenger sør i verda, der varme og heit lidenskap er ein meir naturleg del av kvardagen.

Godt å varra surndaling

Tidenes største, musikalske surndals-treff! Ein kveld i Storstuå til å bli glad av, med musikk komponert av surndalingar dei siste tiåra, mellom dei Trygve Brøske, Trond Larsen, Henning Sommerro, Jostein og Ole Magne Ansnes, Erling Solem, Per Holten, Roy Bakke, Svanhild Husby, Jo Inge Nes – med mange fleire. Dette blir ei sterk hylling av skaparkrafta, og aldri så lite god mimring. Ei musikalsk vandring frå Trond Larsens Kvartett via Vårsøg til dagens Dadafoniske lydbylde. Kapellmeister Ole Magne Ansnes har samla kremen av både musikk og musikkarar for å leva opp til tittelen på konserten. Det e godt å varra surndaling!

Søndag 4. juni kl. 18.00
Storstuå, Surnadal kulturhus

GODT Å VARRA SURNDALING

Tekst og melodi: Ole Magne Ansnes

E sjer det blenkje e glasa hass Lars
Hainn sitt opp lenge i kveld, he fred
hainn sitt å tenkje på gamle tie
da nainn kom innom å drakk dus med æn smed.

Det står æn gard nedpå ælvabredde
med velstelt tun å med stolte hus
der levve folk så e stolt tå plassa
tå søg frå ælven dæm får se æn rus

Ref

Ja, det e arven din ta her
Med lokt tå fjøs å nylise gras
E sjer ælva, dal å fjell
Kvar æn morgo, ja, det e slik (æn) stas
Å varra Surndaling

Ho hette Maret frå Østbødala
Ho he et smil så gjer så godt å sjå
No ha ho stræva i all sa årå
Ho e et kvinnfolk te å stole på

Det går to karra ette væja nedpå Ør'n
Dæm skoill haft sæ nå snop og litt skrå
Fær va det ænkelt, no e det håplæst
Når handelsmenn he rest derifrå.

Ref

Vi støtter vårsøget

Norbørst
Nordenfjeldske Børstefabrikk AS
www.norbørst.no

GK Kalk

NR
NORDMØRE REVISION

ATLANTICON SURNADAL AS
6650 Surnadal

BYGGMAKKER
Surnadal

MIKKELSEN MASKIN
maskinentreprenør
6650 SURNADAL

SKEI FARGEHANDEL

Alliance **apotek**
- for hele deg

ELEKTRO AS
tlf: 71662352, fax: 71662350, mobil: 90823310
www.aselektro.no

BUNNPRIS
PRISENE TIL BUNNS - IKKE UTVALGET!

TROLLHEIM
INDUSTRIER AS

SURNADAL
FOTKLINIKK

Gjeldnes **Data**

møbel-fiske
SURNADAL A/S - TLF 71 65 77 90

GVS
GLASS
DØRSERVINDLER

Glass og Vaktmestertjeneste AS

BYGGMESTER
Per O Moen AS
6650 Surnadal
ALT ENTREPRENØR

UNHJEM
Gull & Sølv

Solem Sag
6653 Øvre Surnadal
Tlf 71 65 91 61 • Fax 71 65 91 62

b.young®

Surnadal Bakeri

TALGØ

KIAS **KVANNE**
INDUSTRIER AS

Holten Maskin AS
Mobil: 901 96 788

VIBO
ENTREPRENØR AS
Bulld - Surnadal - Tlf 45 76 10 - www.vibono.no

Frisørstuå

SURNADAL
TRANSPORT AS

Totalshytta
71 66 38 36

Trollheims
vinduet AS
Tlf 71 65 91 61

Husfliden

REMA 1000

Rabattordningar

Type 1:

3/6-06 kl 14.00

Nora, Anne og Per, konsert i Svorkasalen.

Pris kr 100

3/6-06 kl 15.00

Bokbad med Edvard Hoem i Kammerset.

Pris kr 100

Samlebillett til begge arrangementa:

Pris kr 150

Type 2:

3/6-06 kl 19.30

Låvekonsernten på Åsen.

Pris kr 150

3/6-06 kl 21.30

Låvedansen på Åsen.

Pris kr 150

Samlebillett til begge arrangementa:

Pris kr 200

Type 3:

Kjøper du billett til eitt av arrangementa under, får du **50%** avslag på konserten «Godt å varra surndaling» i Storstuå søndag kl 18.00, mot framvising av billett.

2/6-06 kl 19.00

Kleivakvelden.

Pris kr 200

2/6-06 kl 22.00

Kulturhusfesten.

Pris kr 150

3/6-06 kl 18.00

Carte Blanche.


Pris kr 300

4/6-06 kl 14.00

Kyrkjekonserten

Pris kr 250

Vårsøghelgmotivet




Vårsøgmotivet 2006 er laga av stavanger-kunstnaren Ellen Kalvig. Ho har utstilling i Finstuå med opning etter Kleivakvelden på fredag. Utstillinga vil stå fram til 11. juni. Motivet; «Dreamboat», pregar både program-heftet, plakaten og t-skjortene.

Vårsøg t-skjorta 2006

Vi har også i år t-skjorter i tre modellar. Barnemodellen er lyseblå, damemodellen er mellomblå, og modellen for karar og kven som helst er marineblå. Blåfargane kler kunstmotivet godt. Pris: Barnemodellen 100 kroner, dei andre 150 kroner. Det løner seg å vera tidleg ute i år, i fjor vart alt utselt.

Sal av t-skjorter startar torsdag 1. juni frå festivalkontoret i kjellaren på kulturhuset. Elles blir dei å få tak i rundt om på dei forskjellige arrangementa.



TAKK TIL:

Norsk kulturråd
Møre og Romsdal fylke
Surnadal kommune
Rådet for formidling av folkedans og folkemusikk (RFF)

BILLETTAR

71 65 73 08 – arrangement på kulturhuset
815 46 860 – andre arrangement.
For meir informasjon og rabattordningar,
sjå side 10.



www.varsoghelga.no
varsog@varsoghelga.no
Postboks 132, 6656 Surnadal
Tlf 415 46 860